

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Imsland.Emne: Bålbrenning på visse dagar i året. Bygdelag: VindastronnåOppskr. av: Bernh. Skipevåg,Gard: Rønnevik.(adresse): Rønnevik.

G.nr. 99

Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Bonde og postopnar fødd 1888.

## SVAR

Namn.

1/ Bål.

2/ Ja. 3/ Nei.

Tida.

4/ Nei.

5

5/ Nei. 6/ Nei. 7/ Nei.

8/ Ja, Jonsok-kvelden og tidlegare og Olsok-kvelden.

Jonsok-kvelden vart her brend bål enno.

9/ Nei. 10/ Nei. 11/ Nei

Jonsok-bålet vart alltid brend om afta.

12/ Nei, vart som regel tend i 21-22 tida.

13/ Inga fast regel om det.

Staden.

14/ Som regel på ein synleg stad i grenda.

15/ Inga fast regel om det, men det vart nok gjort.

16/ Nei, helst grendevis.

17/ Kjenner ikkje til dette her.

18/ Helst ungdomen og skuleborna, men eldre folk kan og sagtens vera med

19/ Ja har aldri høyrd anna.

20/ Nei, ungdomar og vaksne med, men <sup>skule/</sup>~~skule~~borna har gjerne eit bål for seg sjølve.

21/ Ja, dei siste tjuge åra.

22/ Nei.

23/ Inga fast regel om det, alt som brann vart hivd på bålet, gamle

båtar vart ofte brukt.

24/ Ja tjæretunnet og gamle tjærebredde båtar.

- 25/ Kjenner ikkje til det.
- 26/ Ja det kunne vel henda det,men inga fast regel.
- 27/Inga fast regel om dette,det eg veit.
- 28/Kjenner ikkje til det,men ris og rask tok ein kvarsomhelst.
- 29/Nei/ 30/ Nei.
- 31/Har ikkje høyrd noko om det.
- 32/ Åja,her gjek gjerne gjetord om det-serleg til å brenne lengst.
- 33/Ja/det var liksom hugnad med det.
- 34/Nei,det var logjen-bålet som var gjevt.
- 35/Ja det skjemde ikkje om det,det gjorde,men ikkje at der vart gjort noko ekstra for det.

Kva bålet skulde tena til:

- 36/ Nei kjenner ikkje ti det.
- 37/ Framandt her.
- 38/ og 39/ kjenner ikkje til noko slikt.

Sjølve festen ved bålet:

- 40/Ja,Jonsok-leik,Jonsok-moro.
- 41/ Inga fast regel for det,dei som var huga festa var ved bålet.
- 42/ Nei,som regel slutt i tolv eit-tida.
- 43/Ja kunne nok henda og hender enno det.
- 44/Ja,den kunne og vera ein annan stad,alt etter som det høver.
- 45/Det kunne nok henda at ein kvan galningen gjorde det.
- 46/Ja.47/Veit ikkje om det.
- 48/No ser ein nermest på det,som noko ungdomsmoro.

Skikken idag.

- 49/Ungdomsmoro-ein gamal skikk med jonsokbål.
- 50/Trur helst den har auka dei seinste åra.
- 51/Det må vera at folk likar å ha ein festkveld ved jonsokleite, trur ikkje der ligg nokon djupare grunn for det.